



Notat

Dato: 14.08.2018
Arkivsak: 2018/12282-2
Saksbehandlar: josfjer

Til:	Utval for opplæring og helse Fylkesutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Framdrift rom- og funksjonsprogram Stord vgs - avd. Vabakken

Arbeidet med rom- og funksjonsprogrammet for Stord vgs, avd Vabakken er i sluttfasen og var planlagt lagt fram for politisk behandling i fylkestinget i oktober 2018. Parallelt med dette arbeidet rullerar Stord kommune sin skulebruksplan som er planlagt vedtatt i desember 2018. I forbindelse med desse to utgreiingane, så har Stord kommune tatt kontakt med Hordaland fylkeskommune for å lufta moglegheita for at dei kan overta/kjøpa den del av Stord vgs som ligg på Saghaugen – sjå vedlagt brev. Ein naturleg konsekvens av eit sal av Stord vgs, avd Saghaugen vil vera at Hordaland fylkeskommune byggjer ein samla ny vidaregåande skule på Vabakken og ikkje berre for yrkesfaga som planlagt i skulebruksplanen.

Initiativet er så interessant at vi meiner at det bør utgreiast vidare for å sjå om dette er ein mogleg og god løysing for begge paratar. I fyrste omgang fører dette til utsetting av vedtak knytt til rom- og funksjonsprogrammet for Stord vgs, avd Vabakken med 3-6 månader. Rådmannen vil komme attende med ytterlegare informasjon når saka har vore utgreia.

Vedlegg

- 1 Brev frå Stord kommune